



Reknes ungdomshus 2012.

Årsorientering til årsmøtet i BUL 5/12-2012

Styret i BUL er generalforsamling i Reknes ungdomshus.

Styret i Reknes ungdomshus :

Byrge Fitje: Leiar: (Post , innkjøp, sende ut rekningar, kontakt med rekneskapskontor, m.v.)

Valter Andreassen: Nestleiar (Ansvarleg for møteinnkallingar, utleiger, visning av lokale, administrere vasking m.v.)

Hilde Bruaset Diverse arbeid

Mariann Sylte Diverse arbeid

Møte: Det har vore 2 styremøte. Elles har det vore telefonkontakt og småtreff på Reknes.

Reparasjonar, vedlikehald, nyinnkjøp m.v

Innvendig :

- Retta opp manglar etter krav frå brannvesenet og Istad kraft
- Kjøpt mykje nytt kjøkkenutstyr dette året
- Nødvendige reparasjonar av stolar, bord og utstyr
- Reparasjon av brytarpanel ved scena
- Gamle oppvaskmaskina frå Fylkeshuset står no i kjellaren

Utvendig

- Dagmar gjorde ein god del skade på huset, først og fremst på taket. Forsikringssak. Sluttoppgjer på kr.48436,- medrekna eigenandelen på kr 8000,-
- Vi har kapp ned ein del skog på nordsida av huset. Oppryddinga står att. Det gjeld også naboen som har teke seg til rette på eiga hand. Brev er sendt men utan reaksjon

Dugnad og leigd arbeid: Det var ein god vårdugnad pluss nokre "minidugnader". Det blir leigd til elektriske arbeid, rørleggar, vasking og boning. Nor tekstil vaskar moppene. Krakeli brøyter og strør. Feiebil blir leigd om våren.

Utleige: Det har vore store endringar på dei faste leigetakarane. Molde Internasjonale Jazzfestival sa opp husleiga i andre etasje frå 1. september. Dei har noko på lageret på loftet enno. RU leiger kontor plass i kjellaren."Bula" i kjellaren er utleigd til ei ny musikkgruppe. Musikkbua mot aust er utleigd og motorsykelklubben "Snorre" leiger den gamle skulestova som før. Hovudetasjen er utleigd til BUL kvar onsdag og frimerkeklubben annakvar tysdag. Hovudetasjen har elles vore utleigd til arrangement av ulike slag pluss ein del kurs og møte.

Økonomi: Reknes ungdomshus har ikkje banklån. Innboet er 2011 forsikra for kr. 985.406,-. Sjølve huset er fullverdiforsikra.(KLP skadeforsikring). Pr.1/12-11 står det kr. 115.096,82,- på bankkontoen. Alle rekningar er betalte. Rekneskapet vert ført av Økonomisenteret . Revisor: Kurt Aaram.

Av arbeid som står for tur framover:

Det viktigaste vert å få avklaringar vedkomande utleige i 2. etasje og korleis huset skal drivast vidare framover.

Rydding i skråninga mot nord

Meir skilting mot framandparkering

Molde 4/12-2012

Før Reknes ungdomshus


Byrge Fitje